

REGULERINGSPLAN

PLANHEFTE

Fv. 44 Gang- og sykkelbru over jernbane på Eie i Eigersund kommune



Statens vegvesen

FØREORD

Statens vegvesen Region vest legg med dette fram forslag til reguleringsplan for rv. 44 HP 03 gang- og sykkelbru over jernbanen ved Eie i Eigersund kommune.

Reguleringsplanen består av plankart med tilhøyrande reguleringsføresegner og planbeskriving.

Hovudmålet med planarbeidet er å få regulert inn gang-/sykkelbru parallelt med dagens køyrevegbru over jernbanen ved stasjonsområdet i Eigersund. Gang- og sykkelbrua vil betre sikkerheita og framkommelegheita for dei gåande og syklande i området. Reguleringsplanen vil vere grunnlaget for erverv av naudsynte areal til gjennomføring av prosjektet. Prosjektet legg ikkje nye føringar for den overordna arealbruken i området.

Oppstart av planarbeidet blei annonsert i to lokalaviser, i Stavanger Aftenblad 5. august 2008 og Dalane Tidene 6. august 2008. Samtidig blei aktuelle offentlege etatar og berørte naboar og grunneigarar skriftleg underretta.

20.05.09 blei planen oversendt Eigersund kommune til 1.gongsbehandling. 20.10.09 fatta miljøutvalet i Eigersund kommune einstemmig vedtak om å legge planen ut til offentlig ettersyn med 3 tilføyingar. Dei 3 tilføyingane er nå svarte på, og nå sendes planen over på nytt.

Planen blir fremja av Statens vegvesen etter § 3.7 i plan- og bygningslova, og vil slik bli behandla etter denne lova sine føresegner.

Planlegginga har blitt leia av Statens vegvesen ved Irene Dale, og etter oktober 2009 av Svein Mæle.

Stavanger, 01.07.10

INNHALD

1	PLANBESKRIVING	2
1.1	Bakgrunn for prosjektet	2
1.2	Problemstilling	3
1.3	Hovudmål	3
2	EKSISTERANDE PLANAR I OMRÅDET	4
2.1	Kommuneplan for Egersund	4
2.2	Trafikksikkerhetsplan	4
3	BESKRIVING AV VEGANLEGGET	5
3.1	Trafikktall	5
3.2	Trafikkulukker	5
3.3	Vegstandard	5
3.4	Geometrikrav	6
3.5	Vegsystem og klassifisering av vegnettet	6
3.6	Kollektivtrafikk	6
3.7	Trafikkregulering	6
3.8	Konstruksjon	7
3.9	Kablar og leidningar, vatn og avløp	7
3.10	Terrenginngrep	7
3.11	Massar	7
3.12	Rigg og midlertidige anleggsområder	8
3.13	Geotekniske forhold	8
3.14	Forhold til jernbanen	8
3.15	Avkøyrslar	8
3.16	Frisiktsoner	8
4	MILJØKONSEKVENSAER OG MILJØTILTAK	9
4.1	Trafikkstøy	9
4.2	Landskap	9
4.3	Naturmiljø	9
4.4	Kulturminner	9
4.5	Friluftsliv	9
4.6	Barn og unge sine interesser	9
4.7	Helse, miljø og sikkerheit (HMS)	9
4.8	Universell utforming	9
5	VURDERING AV RISIKO OG SÅRBARHEIT	10
6	EIGEDOMSINNGREP	11
6.1	Arealberekning	11
6.2	Bygningar	11
6.3	Grunneigarliste	11
7	MERKNADER	12
7.1	Merknader i samband med melding om igangsetting av reguleringsplanarbeid	12
7.2	Vurdering av uttalingane	12
8	KOSTNADER, FINANSIERING OG TIDSPLAN	13
8.1	Kostnader og finansiering	13
8.2	Tidsplan	13
9	REGULERINGSBESTEMMELSER	14
10	VEDLEGG	15
	<i>Forprosjekt bru</i>	15
	<i>Risiko- og sårbarhetsanalyse av forslag til reguleringsplan for Rv. 44 HP 03 Gang- og sykkelbru på Eie i Eigersund kommune</i>	15

<i>Landskapsplan - skråning og trapp/Snitt A-A´</i>	15
<i>Landskapsplan – skråning og trapp/Snitt B´- B</i>	15
<i>Illustrasjonsplan over tiltak i forbindelse med kryssing av Jærveien</i>	15

1 PLANBESKRIVING

1.1 Bakgrunn for prosjektet

Fylkesveg 44 går nordover gjennom Jæren til Sandnes og Stavanger, og sørover gjennom Sokndal og Jøssingfjord til Flekkefjord. Ved Egersund stasjon går fylkesvegen over jernbanen på ei smal køyrebru (Figur 1). Brua gir i dag ikkje noko tilfredsstillande tilbod til fotgjengarar og syklistar i området då ein må bruke eit smalt parti på kvar side av brua for å krysse over jernbanen.

På sørsida av jernbaneskinnene er det bustadbygging, både noverande og planlagt, og fleire bedrifter og ulike butikkar ligg tett inntil fylkesvegen. Her er også jernbanestasjonen og eit mykje brukt park - and - ride anlegg for sykkel. På nordsida er det bustadhus på oversida av fylkesvegen. Det er tre skular på nordsida av jernbanen, både barne-, ungdoms- og vidaregåande skule. Mot Tengs er det ein del industri, noko som m.a. fører til mykje tungtrafikk over køyrebrua.

Eksisterande bru for fv. 44 over jernbanen på Eie er frå 1945, og slik den ligg i dag representerer den ein flaskehals for trafikken til og frå næringsverksemdar både i og utanfor området, samt for øvrig trafikk på strekninga. Ikkje minst er køyrebrua ei svært dårleg eigna løysing for mjuke trafikantar og syklistar. Kryssinga over jernbanen er bla. skuleveg for born frå 8 – 10 klasse, samt elevar til Dalane vidaregåande skole. Elevar på barneskuletrinna, dvs. 1. – 7. klasse får i dag skuleskyss pga. trafikkfarleg veg. På Tengs ligg det eit ridesenter, noko som generer mykje gang- og sykkeltrafikk over brua, og då helst born og unge. Det har imidlertid ikkje vore registrert mange ulykker i området der syklistar eller mjuke trafikantar har blitt skada.

I 2001 – 2002 blei det bygd gang- og sykkelveg langs fv. 44 frå Eie (nordsida av jernbanen) til Tengs. Det er også bygd nye fortau i området på nordsida av jernbanen, det siste blei bygd våren 2008. Ei gang- og sykkelbru over jernbanen ved Eie vil bety ei vesentlig forbetring både av framkommelegheit og sikkerheit for syklistar og mjuke trafikantar i området.

Reguleringsplan for gang- og sykkelbru over jernbanen ved Eie har tidlegare vore utteikna (Rv 44, Gang- og sykkelveg/fortau på Eie 2000 -2001). Planen var til andre gongs behandling, men blei ikkje vedtatt den gongen, då ein i staden ville utgreie ei løysing for å få vidareført gang- og sykkelstien utan å krysse fv. 44 på nordsida av jernbanen, dvs. ei løysing med g/s bru på begge sider av eksisterande køyrebru. Når ein no tek opp igjen planen har ein valt å starte heilt på nytt med planarbeidet då mykje kan ha endra seg sidan sist planen var utteikna.



Figur 1: Stasjonsområdet i Egersund med køyrebru over jernbanen.

1.2 Problemstilling

Dagens løsning for mjuke trafikantar i området er ikkje tilfredsstillande. Dei smale partia på køyrebrua som fotgjengarar og syklistar som ikkje sykklar i vegbana må bruke for å krysse jernbanen gir ikkje gode og trygge forhold for nokon av trafikantgruppene (Figur 2). Køyrebrua er smal og manglar gode løysingar for å separere trafikken. Det er mykje gjennomgangstrafikk på strekninga, samtidig som ein del av lokaltrafikken tar av frå Jærveien og fortsett på Kvidafjellvegen. Dei skarpe kurvene og den smale vegbana mot Tengs på nedkøyringa av brua er ein flaskehals. Vegen er i dag for smal til at den kan delas av med "dråpeøy", noko som kunne fått betre flyt i trafikken. I tillegg er rundkøyringa på sørsida dårleg dimensjonert. Denne planen tek for seg ei løysing for gang- og sykkeltrafikken i området, då dei andre problema i området vanskeleg kan la seg løyse utan ein omfattande plan for eit større område. Ei gang- og sykkelbru vil ikkje medføre endringar som gjer det vanskeleg å planlegge andre og betre løysingar for den øvrige trafikken i framtida.

1.3 Hovudmål

Hovudmålet med planarbeidet er å få regulert inn gang- og sykkelbru parallelt med dagens køyrevegbru over jernbanen ved stasjonsområdet i Eigersund. Gang- og sykkelbrua vil betre sikkerheita og framkommelegheita for dei gåande og syklande i området.

Eksisterande forhold for mjuke trafikantar som må følgje fv. 44 over jernbanen langs Jærvegen er ikkje tilfredsstillande på grunn av for smalt gangareal, relativt stor trafikkmengde med stor tungtrafikkandel og høg fart på køyretøya. Det er difor planlagt ei bru for mjuke trafikantar over jernbanen, parallelt med dagens køyrevegbru. G/s- vegen frå brua er planlagt tilknytt eksisterande gang- og sykkelveg/fortau på sørsida og fortau langs Jærvegen og Kvidafjellveien på nordsida. Gang- og sykkelbrua over jernbanen kan karakteriserast som ei sikker kryssing for mjuke trafikantar. På nordsida av jernbanen er det tenkt kryssing over Kvidafjellveien, men utan at dette skjer i gangfelt, då dette ofte fører til ein falsk trygghetsfølelse. Det vil difor bli lagt vekt på god sikt og tilrettelegging av trafikkøyr med kantstein og nedsenk. Det vil vere nødvendig å utvide køyrebana for å få plass til trafikkøyr. Gang/sykkelbrua vil medføre mindre risiko for ulykker enn ved eksisterande løysing.



Figur 2: Dagens situasjon for fotgjengarar og syklistar.

2 EKSISTERANDE PLANAR I OMRÅDET

2.1 Kommuneplan for Egersund

Gjeldande kommuneplan for området er Kommuneplan for Egersund 2007 – 2018. Planen viser at området som inngår i forslaget til reguleringsplan er angitt som (1) Viktige ledd i kommunikasjonssystemet og (2) Gang- og sykkelveg (Framtidig). Reguleringsplanen for g/s bru over jernbane er såleis i tråd med arealbruken i kommunedelplanen.

Planforslaget overlappar ingen gjeldande reguleringsplanar.

2.2 Trafikksikkerhetsplan

I trafikksikkerhetsplan for Eigersund kommune 2000 – 2010 er området omtalt på følgende punkt:

- *Rv. 44 over jernbanen har farlig rekkverk med så stor opning at barn kan gli igjennom,*
- *Rv. 44 etter jernbanebro er et farlig kryssingspunkt.*

Dette var satt opp som tiltak som skulle gjennomførast i perioden 2000 – 2001, men som enno ikkje er gjennomførte (2009).

3 BESKRIVING AV VEGANLEGGET

3.1 Trafikktall

Det er ikkje gjort teljingar av gåande og syklende, men det blei utført ei registrering av trafikkmønster i samband med skule/arbeidsreiser. Målet med denne registreringen var å sjå på kva side av brua som var mest brukt. Registreringa av syklistar og fotgjengarar gjekk føre seg fredag 29. august 2008 frå kl 07.45 – 09.30. Her blei det i tillegg til å sjå på kva side dei som kryssa brua valgte, og kva som truleg var målpunkta deira, sett på kva aldersgruppe dei tilhørte. Det var ca 30 fotgjengarar eller syklistar som **kryssa brua** i tida registreringena føregjekk. Flest var det i tida mellom 07:45 og 08:30. Medan ein registrerte køyrte det fleire bussar med skulebarn forbi på Eigerøyvegen og Krossmovegen.

Flesteparten av syklistane var barn/ungdommar som truleg skulle til ungdomsskulen. Mange av desse kom frå vegen Gamle Eigerøyvegen (parallellvegen til Eigerøyvegen). Dei brukte gangfeltet ved rundkøyringa over Eigerøyvegen og gangfeltet ved brua, og kryssa over brua på austsida. Deretter fortsatte dei på Kvidafjellvegen. Det er berre fortau på nordsida av vegen, likevel valgte enkelte å ikkje krysse Kvidafjellvegen før dei fortsatte på denne.

Dei fleste som kom frå nordsida av brua var vaksne som truleg skulle på arbeid, og/eller dei hadde levert barn i barnehage. Dei som kom fra g/s vegen ved sjøen langs Jærveien kryssa brua på vestsida, medan dei som kom frå oversida av Jærveien kryssa over Kvidafjellveien og brukte austsida av brua. Sør for brua kryssa desse eitt av gangfelta ved rundkøyringa. Nokre valgte også å krysse over brua midt på denne, der dei hadde sikt til begge kantar. Dette galdt både frå vest- til austsida og omvendt.

Det såg ut som om målpunktet var avgjerande for kva side ein kryssa brua på. Kryssinga av køyrevegen føregjekk i stor grad på sørsida av brua i gangfelta her, enten ein kom frå stasjonen eller Gamle Eigerøyvegen. Her var målpunktet på motsatt side i dei fleste tilfeller avgjerande. Dei fleste valgte austsida av bru for kryssing. Dette kan ha samband med at dei fleste målpunkta er lokalisert slik at denne sida naturleg blir mest brukt, i alle høve når det er snakk om arbeids- og skulereiser.

Trafikktall for fv. 44, HP 03 over køyrebrua på Eie, viser eit gjennomsnittleg trafikkvolum på 4 200 motorkjøretøy pr. døgn (ÅDT) (2007). Ein vesentleg andel av denne trafikkmengda er tungtransport som nyttar vegen for transport av varer frå næringsområda. Fartsgrensa i området er 50 km/t på fv. 44 Jærveien, fv. 502 Krossmoveien og Kvidafjellveien.

3.2 Trafikkulukker

Trafikulykker er nærare beskrevne i ROS analysen til prosjektet, *Risiko- og sårbarhetsanalyse av forslag til reguleringsplan for Fv. 44 HP 03 Gang- og sykkelbru på Eie i Eigersund kommune* (Vedlegg 2). Det er registrert 1 ulykke (2000) med syklist involvert i nærleiken av planområdet. Syklisten blei lettare skada. Ulykka skjedde like utanfor planområdet, ved forbikjøring på fv. 44 Jærveien.

3.3 Vegstandard

Breidde på gang- og sykkelveg over bru er 4 m innvendig mål (inkludert skulder). Det er valt å vidareføre breidda på gang- og sykkelvegen på nordsida av jernbanen. Denne er difor også foreslått bygd med breidde 4 m inkludert skulder.

3.4 Geometrikrav

Horisontalkurvatur

Horisontalkurvatur – Brua er rettlinja ($R=\infty$).

Stigning

Maksimal stigning er avhengig av lengda på stigninga (Tabell 2). Krav til stigning på gang- sykkelbru er tilfredsstilt i henhold til tabell 2.

Tabell 2: Krav til stigning. Tabellen er henta frå HB 017, Veg og gateutforming (Statens vegvesen, 2008).

Stigningens lengde i [m]	Stigning
< 35	10,0 %
< 100	7,0 %
< 200	5,0 %
> 200	3,5 %

Vertikalkurvatur

Vertikalkurvatur - Estetikk og siktkrav vil vere bestemmende for val av vertikalradier. Vertikalkurvans radius på brua er på 400 m midtre del, jamn stigning på sidene. Ved avkjørsler og i kryss må det sikrast tilstrekkeleg frisikt.

Fall

Fall, overhøyde – Tverrfall bru er på 3 % einssidig fall.

Bredde g/s veg bru

Gang- og sykkelbru over jernbanen ved Egersund stasjon er planlagt med ei vegbreidd på 4 m, der 3,5 m utgjør køyre/gangbane, medan 0,25 m på kvar side av denne er skulder. I tillegg kjem areal til rekkverk.

Belysning

Overgangsbrua skal belyst som sykkelveg. Belysning er viktig for at folk skal kjenne seg trygge. Dagens køyrebru er belyst kun på landkar. Gang/sykelbrua bør belyst heile lengda. Det er viktig å velge belysning som er tilpassa brutype. Det utarbeidast belysningsplan i byggeplanfasen. Tabell 3 syner krav til belysning ved g/s veg.

Tabell 3: Krav til belysning. Ved prosjektering av belysning brukar ein enten Eh (horisontal belysningsstyrke) eller Ehs (halvromlig belysningsstyrke). Tabellen er henta frå Sykkelhåndboka (Statens vegvesen, 2002).

Krav til mildere belysningsstyrke og jevnhet på sykkelveg			
	Eh midl.	E min:maks	Ehs midl.
Liten og middels gs-trafikk	4 lux	1.20	2,5 lux
Stor gs-trafikk, bykjerne	7–10 lux	1.20	5,0 lux

3.5 Vegsystem og klassifisering av vegnettet

Fv. 44 Jærveien er fylkesveg, stamveg, hovedveg og primærveg i dette vegsystemet. Kvidafjellveien er kommunal veg og samleveg. Det går ein gang- og sykkelveg langs Jærveien frå kryss med Launesveien (kommunal veg).

3.6 Kollektivtrafikk

Det planlagte veganlegget inneber ikkje endringar for kollektivtrafikken.

3.7 Trafikkregulering

Det eksisterer to kryss innanfor planområdet. Dette er mellom fv. 44 Jærveien og den kommunale vegen Kvidafjellveien og fv. 44 Jærveien og fv. 502 Eigerøyveien.

Krysset mellom fv. 44 Jærveien og fv. 502 er ei rundkøyring, der den nordlegaste armen fører trafikanten over eksisterande køyrebru. Kryssinga av fv. 44 på sørsida av jernbanen føregår i plan (gangfelt) over fylkesvegen, like ved eksisterande køyrebru. Gang- og sykkelvegen på austsida av eksisterande køyrebru blir kopla saman med gang- og sykkelvegen/fortauet på sørsida, og blir vidareført over den planlagde gang- og sykkelbrua. Ved utarbeiding av byggeplan skal trafikkøya i Kvidafjellveien avgrensast med kantstein for å lede trafikken. Trafikkøya skal også planleggast med nedsenk slik at syklistar/fortgjengarar ved kryssing av vegen har anledning til å stoppe her.

3.8 Konstruksjon

I samband med reguleringsplan for G/S bru på Eie i Eigersund kommune er det utarbeidd eit forprosjekt for overgangsbru i tre for gang- og sykkeltrafikk over jernbanen (Vedlegg 1, Forprosjekttegning, K01, bru nr. 11-1863, N.M Helle 21.10.2008). I forprosjektet er underkant G/S- bru lagt godt over underkant eksisterande køyvevegbru. Høgda ivaretek tilfredsstillande stigningsforhold for brukarane av brua, og ligg også innanfor krava til universell utforming. På både sør- og nordsida av jernbanen blir det fylling i samband med landkara.

Utkastet til G/S- bru frå 2001 viser ei løysing med betongelement (den såkalla Elementbru nr. 2). Utforminga av denne var basert på ei maksimal innvendig breidde på 3,0 m. I den føreliggjande løysinga er det ein føresetnad at innvendig breidde må aukast til 4,0 m. Dette medfører at støypeformene til ”Elementbru nr. 2” ikkje kan brukast utan vidare. Etter ein telefonførespurnad til produsenten, vart det stadfesta at formene enno fanst ved ein av fabrikkane på Austlandet, og kunne fraktast til den lokale produsenten. Men å byggja om desse formene til ei innvendig breidde på 4,0 m ville medføra ein såpass høg kostnad at me vart tilrådde å heller velja andre løysingar enn ”Elementbru nr. 2”.

Ein viktig faktor ved val av løysing er å redusera stengetida for jernbanen mest mogeleg. Det er berre svært korte intervall av døgeret et ein i det heile kan stengja jernbanen. Kort bygge- og montasjetid er såleis eit viktig kriterium ved val av byggemetode.

Brua er planlagd som ei platebru med tverrspent dekke. Plata vert bygd opp av limtrelamellar, som etter utplassering på bjelkeopplegg, vert spente saman i tverretninga av kraftige stag. Byggemetoden er godt eigna for overgangsbruer over jernbane, og har vorte brukt ved fleire høve i andre deler av landet. Figur 4 syner eit eksempel på køyvevegbru i tre over Dovrebanen. For ei G/S-bru, som i vårt tilfelle, vil rekkverket verta utforma smekrare.

Landkara er tenkt fundamentert på betongpelar. Søylen i akse 2 til 5 er planlagt fundamentert med såkalla kontaktleidningsfundament. Baneservice har et spesielt togsett, ”Fundamentsettetoget”, som er slik utstyrt at ein kan bora og støypa ut fundament med stor presisjon.

I tillegg til at denne metoden gjev ei rask og effektiv fundamentering, er det ei stor føremon at metoden ikkje fører til setningar i sporet, som evt. må rettast opp i ettertid. Søyelfundamenta for brua vist i figur 4 er utført med denne metoden.

For omtale av grunnforholda blir det vist til grunnundersøkingar i samband med forprosjekt for konstruksjon i 2001 (*Oppdrag Ld 1032A, Rapport nr. 1 R.v 44 H.p 03 Eie – Tengs, Grunnundersøkelse for g/s bru over jernbanen*, Laboratoriet, Statens vegvesen Rogaland, 2001).

Ved bygging av overgangsbrua er det satt som krav frå Jernbaneverket at dette skal skje i samvar med deira regelverk, og det vil også bli krevd skriftleg søknad til Jernbaneverket før ei ev. bygging av g/s bru. Godkjent reguleringsplan, samt byggeplan vil vere grunnlag for søknad.



Figur 4: Eksempel på trebru over jernbane. Dette er ei køyvebru. Eksempelen er henta frå Tangen bru ved Stange stasjon i Hedmark.

3.9 Kablar og leidningar, vatn og avløp

Eksisterande kablar og leidningar er kartlagt. Jernbaneverket og NSB har kablar og leidningar på det meste av strekninga. Ev. nødvendige omleggingar vil bli føreteke i samarbeid med anleggseigar i byggeplanfasen.

Kommunen har vassleidningar innan planområdet. Det er imidlertid ikkje registrert at arbeidet med bru og tilhøyrande anlegg vil komme i konflikt med offentleg vatn- og avløpssystem. Ev. nødvendige omleggingar vil bli føreteke i samarbeid med anleggseigar i byggeplanfasen.

3.10 Terrenginngrep

Den eksisterande køyvevegbrua over jernbanen langs fv. 44 på Eie ligg i eit landskap prega av bustadområder på nordsida, kontor- og butikkbygningar i nord og sør og jernbaneområde.

Det skal leggast vekt på å utføre terrenginngrep med god tilpassing til eksisterande miljø.

3.11 Massar

Det er behov for massar til fylling for g/s- brua.

3.12 Rigg og midlertidige anleggsområder

Det må avtalast anordning av midlertidig riggområde i anleggsperioden i samband med byggeplan.

3.13 Geotekniske forhold

Statens vegvesen, geo- og laboratorieseksjonen, har utført grunnundersøkelser og foretatt geotekniske vurderinger på planstrekningen. Disse er samla i rapport nr. 1, arkiv nr. 472 R.v 44 H.p.01, oppdrags nr. Ld 1032A. Grunnundersøkingane blei føretakne i juli 2001 i samband med tidlegare utarbeida reguleringsplan for g/s bru over jernbane (Rv 44, Gang- og sykkelveg/fortau på Eie 2000 - 2001).

I forbindelse med byggeplanlegginga av gang- og sykkelbru over jernbanen vil det vere aktuelt med ytterlegare grunnundersøkingar og geotekniske vurderingar.

3.14 Forhold til jernbanen

Jernbanen går gjennom heile planområdet. Planforslaget har lagt til rette for kryssing over jernbanen i form av bru for gang- og sykkeltrafikk. Dette vil ikkje medføre endringar for jernbanen. Bygginga av g/s bru er imidlertid avhengig av at krava til minsteavstand frå jernbane er oppfylt. På byggeplannivå vil det vere nødvendig med tett samarbeid med jernbaneverket for å sikre at deira tekniske krav blir oppfylt.

3.15 Avkøyrslar

Det er ingen avkøyrslar som blir omfatta av planen.

3.16 Frisiktsoner

Det er lagt inn frisiktsoner i alle køyrevegkryss, gang-/sykkelvegkryss og avkøyrslar. Frisiktsoner som går inn på område som er regulert til anna enn offentlige trafikkområde er merka med skravur. Innanfor frisiktsonene er det krav om fri sikt ned til 0,5m over tilstøytande vegar si overflate jfr. reguleringsbestemmelsene for planen for hensynssoner.

4 MILJØKONSEKVENSAAR OG MILJØTILTAK

4.1 Trafikkstøy

Ein antek ikkje at trafikkmengda blir endra som følgje av prosjektet då dette er eit reint g/s tiltak. Med dei tiltak som er angitt i planen er det difor ikkje forventet forverring i støyforholda. Fartsgrensa vil vere som i dag på den aktuelle strekninga. Det er ikkje aktuelt med skjermings- eller fasadetiltak som følgje av bygging av g/s-bru.

4.2 Landskap

Det nye veganlegget med gang- og sykkelbru vil ikkje berøre landskapet vesentleg meir enn det eksisterande veg gjer. Veganlegget er forsøkt tilpassa landskapet i størst mulig grad med ei skråning på austsida av g/s brua. Det er foreslått forlenging av noverande mur i overgangen mellom eksisterande bru og planlagt g/s bru på vestsida. Muren bør gå heilt inn til enden av ny planlagt g/s bru. Det bør byggast ei trapp ned til vedlikehaldsområdet under brua. Sjå elles vedlegg 3 og 4.

Det skal utarbeidast detaljert grøntplan for området i byggeplanfasen.

4.3 Naturmiljø

Veganlegget vil ikkje komme i konflikt med bevaringsverdige område eller vegetasjonstypar. Det antas heller ikkje at anlegget vil ha konsekvensar for viltinteresser.

4.4 Kulturminner

Det er ikkje registrert kulturminner i planområdet.

4.5 Friluftsliv

Veganlegget fører ikkje til endringar i forhold til friluftsliv.

4.6 Barn og unge sine interesser

Barn og unge går og sykklar ofte. I dag er barn og unge henvist til å gå i på eit smalt fortau på køyrebrua over jernbana med den reelle utryggheit dette medfører. All kryssing over jernbanen i området ved Eigersund stasjon må i dag skje langs køyrebrua. I planforslaget er det lagt inn at mjuke trafikantar kan krysse jernbanen på gang- og sykkelbru. Det vil dermed bli unødvendig å gå på det smale fortauet på eksisterande køyrebru.

Bygging av bru over jernbanen fører til at barn og unge får mykje tryggare forhold både i skule- og fritidssamanheng. Utover dette medfører ikkje planen vesentlege endringar for barn og unges interesser.

4.7 Helse, miljø og sikkerheit (HMS)

Statens vegvesen har som arbeidsgjevar og byggherre det mål at all verksemd i etaten skal gjennomførast utan at menneske og miljø blir påført skade.

I samband med gjennomføring av det planlagde tiltaket er det spesielt viktig å sette fokus på følgjande forhold:

- midlertidig trafikkavvikling, også med omsyn til mjuke trafikantar
- etablering av riggområder, bortleiing av vatn frå vegområdet etc.
- oppbevaring av utstyr og materialar (inklusive sprengstoff)

Disse forholda vil bli nærmare vurdert i ROS analyse for prosjektet (Sjå eige dokument, *Risiko- og sårbarhetsanalyse av forslag til reguleringsplan for Fv. 44 HP 03 Gang- og sykkelbru på Eie i Eigersund kommune* (sjå vedlegg 2) og nødvendige tiltak skal bli innarbeida i byggeplan.

4.8 Universell utforming

Prinsippa om universell utforming skal leggjast til grunn. Dette inneber at det ved utforminga og g/s veg og bru skal leggjast vekt på at denne kan nyttast av flest mogeleg. Stigninga på den planlagte gang- og sykkel brua samsvarar med krav i HB 017, som vist i tabell 4.

Tabell 4: Maksimal stigning for universelt utforma gang- og sykkelveg/sykkelveg med fortau. Henta frå Statens vegvesen si handbok 017 (2008).

Maksimal stigning	
Stigningens lengde i [m]	Gang- og sykkelveg/sykkelveg med fortau
< 10	5,0 %
< 50	2,5 %
> 50	2,0 %

5 VURDERING AV RISIKO OG SÅRBARHEIT

Sjå eige dokument, *Risiko- og sårbarhetsanalyse av forslag til reguleringsplan for Rv. 44 HP 03 Gang- og sykkelbru på Eie i Eigersund kommune*, (Sjå vedlegg 2)

6 EIGEDOMSINNGREP

6.1 Arealberekning

Veganlegget vil legge beslag på areal som i kommuneplan for Eigersund er definert som (1) Viktige ledd i kommunikasjonssystemet, (2) Gang- og sykkelveg (framtidig).

Gards- og bruksnummer og grenser for den enkelte eigedom er påført reguleringsplanen i den grad ein kjenner til desse. Eigedomsområdet blir satt til minimum 1,0 meter utanfor fyllingsfot eller skjæringstopp. Minimumsavstand fra vegkant er 3,0 meter. Berekning av areal som skal danne grunnlag for grunnerstatning vil bli oppmålt og berekna seinare, i samband med grunnervervet.

6.2 Bygningar

Planforslaget medfører ikkje innløyasing eller fjerning av bygningar.

6.3 Grunneigarliste

Namn på kjente grunneigarar som blir berørt av vegprosjektet er lista opp i tabell 5 under.

Tabell 5: Namn på kjente grunneigarar.

Gnr./Bnr.	Namn på grunneigar
47/211	JERNBANEVERKET (Hjemmelshaver)
47/178	EIGERSUND KOMMUNE (Hjemmelshaver)
47/809	STATENS VEGVESEN (Kontaktinstans eier)

7 MERKNADER

7.1 Merknader i samband med melding om igangsetting av reguleringsplanarbeid

I samsvar med § 27-1 i plan- og bygningslova blei det blei meldt om igangsetjing av reguleringsplanarbeid for Reguleringsplan for fv. 44 HP 03, Gang og sykkelveg/bru på Eie 5 og 6 august 2008, h.h. i Stavanger Aftenblad og Dalane Tidene. Det blei også sendt skriftleg varsel til grunneigarar og offentlege instansar. Det kom inn 8 uttalelsar til meldinga. Statens vegvesen har behandla desse uttalingane.

Merknadene var frå:

Rogaland fylkeskommune, Fylkesrådmannen - Regionalplanseksjonen datert 18.09.08

Jernbaneverket, Banedivisjonen Region vest, Utvikling datert 25.08.08

Eigersund kommune, Råd for funksjonshemmede datert 22.08.08

Eigersund kommune, Seniorrådet datert 20.08.08

Begravelsesbyrået Puntervoll AS datert 19.08.08

Jernbaneverket, Banedivisjonen Region Vest, Utvikling datert 18.08.08

Eigersund kommune Miljøavdelinga. Seksjon Kommunalteknikk 12.08.08

Telenor Servicesenter for Nettutbygging, datert 06.08.08

7.2 Vurdering av uttalingane

7.2.1 Rogaland fylkeskommune, Fylkesrådmannen - Regionalplanseksjonen datert 18.09.08

Som følge av utvida og forpliktande samarbeid mellom fylkesrådmannen og fylkesmannen kjem det ikke eigen uttalelse frå Fylkesmannen i Rogaland i denne saka.

Fylkesrådmannen forutset at prinsippa for universell utforming blir lagt til grunn ved detaljutføring av gang- og sykkelvegen. Regionalplanseksjonen minner òg om at det i forbindelse med reguleringsplanarbeid skal gjennomførast ei risiko- og sårbarhetsundersøking. Nivået på denne må fastsetjast etter skjønsmessig vurdering, men som eit minimum må det ved offentlig ettersyn gå fram korleis temaet er vurdert.

Statens vegvesens kommentar

Det vil bli utarbeidet risiko- og sårbarhetsanalyse (Sjå vedlegg 2), og universell utforming vil bli vektlagt.

7.2.2 Jernbaneverket, Banedivisjonen Region vest, Utvikling datert 25.08.08

Jernbaneverket påpeikar at brua må byggast i henhold til deira regelverk, og at detaljplan for brua skal føreleggast Jernbaneverket for godkjenning. Det blir difor anbefalt at dette blir tatt med i reguleringsføresegnene til planen.

Statens vegvesens kommentar

Merknaden tas til etterretning.

7.2.3 Eigersund kommune, Råd for funksjonshemmede datert 22.08.08

Råd for funksjonshemma er positive til tiltaket og forutset at universell utforming blir ivaretatt. Endekantene på fortau må være max. 2 cm.

Statens vegvesens kommentar

Universell utforming vil bli ivaretatt i planen.

7.2.4 Eigersund kommune, Seniorrådet datert 20.08.08

Seniorrådet har ingen merknader til saken.

Statens vegvesens kommentar

Ingen kommentar

7.2.5 Begravelsesbyrået Puntervoll AS datert 19.08.08

